



Nils Lyngnes les frå boka si "Deg og meg" (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vissste du at det var fem butikkar, to bakarar, ein skomakar og ein skreddar i Uskedalen i 1952? Det går fram av ei liste over verksemder som er attgjeve i Kvinnhersminne nummer 13.**

**Årboka, som no er for sal, blir utgjeve av Kvinnherad Sogelag. Lista er henta frå "Det norske næringsliv – Hordaland fylkesleksikon" og fortel ellers mellom anna at det var 12 verksemder i Uskedalen den gongen, men berre to på Husnes!**

Årboka og eit knippe av forfattarane vart presentert under ein bokkveld som sogelaget og mållaget heldt i Rosendal sundag kveld. Dette året er temaet "Arbeidsliv og kvardagsliv i bygdene våre" og skriftstyrar Journn Toskedal konkluderar forståeleg nok med at mykje av det som skjedde for berre 50 år sidan er som henta frå ei heilt anna verd for dei som veks opp i dag. Difor er det viktig å få fram at det velferdssmfunnet vårt er tufta på tidlegare generasjonars arbeid og slit og at dagens slagord om å ta vare på ressursane var tvingande nødvendig for dei som levde for berre nokre tiår sidan.

I årboka er det solide og grundige artiklar om dei store næringsvegane i kommunen dei siste 100-150 åra: Jordbruk, fiske, båtbyggjing, men også litt om bergverk, handverk og handel. Overraskande for dagens generasjon er det store mangfaldet i verksemder. Overraskande for mange vil det til dømes også vera at det vart bygt så mange som kanskje 2.000 båtar på 130 plassar i kommunen mellom 1820 og 1950. To av plassane var i Uskedalen og der vart det bygt 22 båtar.

I ein artikkel av Aslaug og Olav Eik i Omvikdalen om jordbruk i endring blir det mellom anna opplyst med Sigvald Eik som kjelde at det heime hjå han står ei Adrianese slåmaskin frå 1900-årsskiftet som vart kjøpt frå Langballe på Skorpo. Der var dei med andre ord tidleg ute med slik reiskap. Det blir også opplyst at uskedalingane Knut Døssland, Andreas Haugland og Torgeir Musland kjøpte traktor saman.

Wenche Skaaluren stiller eit alvorleg spørsmål: "Kva er det som går føre seg i verda i dag? Kan henda min generasjon vil gå over i saga som den siste som opplevde å pusta i rein luft of fekk drikka reint vatn frå elv og bekk."

Under bok-kvelden kåserte mangfaldige Nils Lyngnes (63), frå Indre Matre men no busett i Kopervik, rundt si bok "Deg og meg". Her serverer han mykje av både livsvisdom og humor gjennom stutthogne vers. Han har vore så mangt, til dømes oljearbeidar, gardbrukar, fiskar, anleggsarbeidar, visevert og radiokåsør, men no er det altså forfattaren som presenterar seg skikkeleg. Lyngnes hadde liggjande 150 sider med vers og vitsar men måtte begrensa seg til 90.

Han har atskillig meir meir på lager. Han har også til dømes lyst til å skriva om dei gamle stigane og det som knytter seg til dei. Den stig som står den heimekjære Nils nærmast er den frå Indre Matre og opp til Fjellandsbø. Den heiter Skaravegen og er heilt attgrodd i dag, men Nils friskar han skikkeleg opp att i boka. Han skriv mellom anna at "dette var husdyras rike, nå finnes det ikkje fleire slike, nei her er det hjorten som går og nå er det flåtten som rår".

- Skaravegen var ein riksveg for oss i Indre Matre, seier Nils. Han minnst at lyset frå brislingfiskarane øydela nattesynet for dei som kom ned Matreslia, at han sykla til Uskedalen på dans og at det var stort innrykk til misjons-samlingar på Fjellandsbø.

Nils samlar også på gamle stadnamn og i boka har han ein artig epistel der han brukar ein vrimmel av namn frå Indre Matre.

Rådet han har til andre som har eit godt minne er dette: - Skriv ned det du hugsar, sjølv om du er i dårleg humør. Kan hende det hjelp!

Av Ola Matti Mathisen